

Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) sine innspel til Voss herad sitt budsjett for 2020.

Det vert sagt i utkast til kommuneplanen at Voss herad skal ha eit grønt skifte og det skal verta landet sitt beste herad. Budsjettet til Voss herad i 2020 er på vel 1400 millionar kroner. Med så mykje pengar til rådvelde må me kunna gjera gode tiltak også på miljø og klima i kommunen.

Tiltak i klimaplanen 2018-2022 må fylgjast opp med naudsynte midlar. Mellom anna med klimarekneskap, at ein vert medlem i ordninga "Klimapartner" og at alle kommunale einingar vert miljøsertifisert. Det har dei seinare åra vore kr 300 000 i miljømidlar i budsjettet til Voss kommune til miljø og kulturutvalet for gjennomføring av klimaplanen. Desse midlane må vidareførast årleg.

MDG vil også ha ein årleg pott til solcelleanlegg på kommunale og private bygg.

Det må vidare lagast eigne strategiar for drifta til Voss herad i høve til klima på mellom anna :

- Om mogeleg rehabilitering av eksisterande bygg i staden for nybygg
- Nullutslepp og fossilfrie kommunale køyretøy og anleggsstader
- Innfasing av nullutslepp køyretøy i kommunalt drift ved nykjøp
- Ved fornying av kommunal "Bokbuss" må denne vera av typen nullutslepp
- Sykkelstrategi for Vangen og bygdesentra med tilrettelegging og eigen "Bygdasykkel".
- Pollineringsstrategi for å ta vare på bier og insekt
- Plaststrategi for å fasa ut bruken av eingongsplast
- Om mogeleg bruk av fossilfrie tenestereiser for kommunalt tilsette
- Utvida bruk av digitale møte for å redusera unødvendige kommunale tenestereiser.

Prosjekt med reduksjon av sjukefråvær.

Voss kommune har eit høgt sjukefråvær og det vil vera mykje

pengar å spara i drifta på meir arktiv førebyggjande arbeid på dette feltet. Dette bør skje med eiga tilsett prosjektgruppe eller med bruk av f.eks. bedriftshelseteneste.

MDG sine foreslag i budsjettet for 2019:

- **Bolstad barnehage må komma i drift snarast råd.**
- **Vangen skule må på naudsynt oppgradering for å tilfredstilla miljøretta helsevernkrava.**
- **Me vil ha legekontor i Granvin slik det ligg inne i budsjettet.**
- **Me vil ha ein auka pott til kommunalt vegfond**

Kommunalt vegfond	kr 2 mill
Prosjekt med reduksjon av sjukefråvær	kr 1 mill
Miljømidlar til bruk i klimaplanen	kr 300 000
Tilskot til private solcelleanlegg	kr 200 000
Solcelleanlegg på kommunale bygg	kr 500 000
Klimapartner medlemskap	kr 60 000

Dette vert dekkja inn ved å nytta «disposisjonsfond og omdisponering av budsjetterte midlar.

Mellom anna reduksjon av investeringar til data i barnehage og småskule med kr 700 000 frå 1,7 til 1 millionar kroner.

Helsing Sveinung Klyve i MDG. Voss 17.11.2019